



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Aukra kommune

Tilsynsdato: 22.10.2013

Rapportdato: 02.01.2014

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.6	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	04.09.2013 (formøte) 22.10.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	6480 Aukra
<b>Kommunennummer:</b>	1547
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Geir Göncz
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Stine Sætre
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	04.11.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	02.01.2014
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	28.02.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Aukra kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

”Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder. Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner..”

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Aukra 2020. Kommuneplan for Aukra 2011 – 2020	Vedteken 16.06.2011
2.	Kommunal risiko og sårbarhetsanalyse av uønskede hendelser (ROS)	Rapportdato: 12.06.2007
3.	Analyse av dimensjonerende beredskapshendelser (DBH)	Rapportdato 06.01.2005
4.	Plan for samordna kriseleiing i Aukra kommune	Revidert 09.07.2013
5.	Plan for samordna kriseleiing i Aukra kommune	Revidert 22.06.2007
6.	Infeksjonskontrollprogram / Smittevernplan	Revidert 10.07.2007
7.	Evaluering etter Øving Mørejarl – deløving Skogbrann	02.05.2012
8.	Kommunestyreinterpellasjon om straumstans	Møtedato: 07.02.2012
9.	Referat etter beredskapsmøte for Aukra kommune	Møtedato: 20.01.2012
10.	Referat etter beredskapsmøte for Aukra kommune	Møtedato: 19.12.2011
11.	Referat etter beredskapsmøte for Aukra kommune	Møtedato: 24.03.2010

Desse dokumenta vart lagde fram under tilsynsbesøket:

12.	Saksframlegg til kommunestyret: Plan for samordna kriseleiing	Møtedato: 10.05.2012
13.	Saksframlegg til kommunestyret: Planprogram k.-plan arealdel	Møtedato: 21.06.2012
14.	Planstrategi for Aukra kommune	Vedteken i 2013

## 1.6 Gjennomføring

Formøte vart gjennomført 04.09.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 22.10.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Bernhard Riksfjord	Ordførar		X	X	
Dagfinn Aasen	Rådmann	X	X	X	X
Geir Göncz	Kommunalsjef/beredskapskontakt	X	X	X	X
Terje Urdshals	Teknisk sjef		X	X	X
Ingrid Husøy Rimstad	Kommunalsjef		X		X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Stine Sætre	Seniorrådgjevar		X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viser at Aukra kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap.

Alle vesentlege element innanfor kommunal beredskapsplikt er på plass. Men bildet er noko uoversiktleg, og mange av elementa er ikkje oppdaterte. Kommunen hadde for 5-6 år sidan eit nærast komplett system, men mykje har sidan då forvitra, og andre element er ikkje følgde opp i samsvar med nye lov- og forskriftskrav.

Dei avdekte avvika gjeld detaljar, og lukking av desse føreset – kvar for seg – mindre justeringar innanfor kommunen sine etablerte system. Vi trur likevel at det kan finnast endå betre løysingar ved å sjå avvika i samanheng og etablere ei tydeleg overbygning og styring av fagområdet. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for øving
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for planrevisjon og plansamordning
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet

Eller heilt generelt: Tydelege rutinar for korleis Aukra kommune sin beredskapsorganisasjon skal drivast og vedlikehaldast.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte 3 avvik. 3 forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsette i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Aukra kommune sin risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje forskriftskravet om *vurdering av behovet* for befolkningsvarsling.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra f

##### *Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling er blant desse.

##### **Avvik nr. 2**

Aukra kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje forskriftskravet om *plan* for befolkningsvarsling.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, andre ledd, litra d.

##### *Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 4 opp ei rekkje minimumskrav til kva kommunen sin beredskapsplan skal innehalde. Plan for befolkningsvarsling er blant desse.

##### **Avvik nr. 3**

Aukra kommune har ikkje eit system for dokumentasjon av at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9.

##### *Utdjupande kommentar:*

Dei langt fleste forskriftskrava er oppfylte, og dette byggjer sjølvsagt på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på *alle* forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om kommunal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollansvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Kommunen sin ROS-analyse er overmogen for revisjon. ROS-analysen er ikkje revidert sidan 2007, og etter fylkesmannen si vurdering kunne det blitt ført ei sak om at analysen ikkje oppfyller oppdateringskravet som er fastsett i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6, første ledd. Kommunen kan på den andre sida dokumentere at oppdatering av ROS-analysen er sett i verk og at dette arbeidet er forankra i den første planstrategiperioden etter forskriftskravet vart gjort gjeldande. Vi vel derfor ikkje å klassifisere dette som avvik, men understrekar viktigheita i dette oppdateringsarbeidet i denne merknaden.

Tilpassing til nye forskriftskrav bør elles vere ein vesentleg del av det pågåande oppdateringsarbeidet.

#### **Merknad nr. 2**

Aukra kommune bør fastsette tydelegare rutinar for øving, tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar, tydelegare rutinar for planrevisjon og plansamordning og tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet. Eller heilt generelt: Tydelege rutinar for korleis Aukra kommune sin beredskapsorganisasjon skal drivast og vedlikehaldast.

Mange slike rutinebeskrivelsar finst i den administrative delen av plan for samordna kriseleiing, men der druknar dei i mykje anna. Rutinane er vanskelege å få auge på og fleire av dei vert heller ikkje følgde opp.

#### **Merknad nr. 3**

Den påbyrja revisjonen/forenklinga av kriseplanen bør fullførast. Plandelen frå 2007 svarer på fleire konkrete forskriftskrav (opplæring, øving, evaluering). Desse rutinane kan med fordel løftast ut av kriseplanen og heller gå inn i ei eit overordna styringsdokument for heile fagområdet, jf. merknad nr. 2.

Kriseplanen sin omtale av informasjonsberedskap og kriseinformasjon bør styrkast, og kommunen bør i samband med revisjonsarbeidet ta stilling til korleis CIM skal brukast – som plattform for planverk og ROS-analysar og som operativt krisestøtteverktøy.



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.